



Oppreisingsordning for omsorgssvikt/overgrep mot born under offentlig omsorg i Sogn og Fjordane

Søknadsskjema

Etter vedtak i kommunane og fylkeskommunen i Sogn og Fjordane er det oppretta ei kommunal oppreisingsordning for personar som har vore utsett for omsorgssvikt og/eller overgrep medan dei var under offentlig omsorg og plassert i barneheim, institusjon, skuleheim, spesialskule eller fosterheim i eller utanfor Sogn og Fjordane fram til 1. januar 1993.

Personar som ved eigenerklæring og eventuell annan dokumentasjon sannsynleggjer at dei har vore utsette for overgrep og/eller omsorgssvikt medan dei var under kommunal omsorg før 1. januar 1993, vil få ei oppreising på inntil 725.000 kroner.

Søknad om oppreising blir avgjort av eit felles oppreisingsutval for Sogn og Fjordane. Ei eventuell klage blir handsama av plasseringskommunen sitt klageorgan.

Søknad om oppreising må vere fremma innan **01.01.2013**

Deltakarkommunar: Askvoll, Aurland, Balestrand, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Høyanger, Jølster, Leikanger, Luster, Lærdal, Naustdal, Selje, Sogndal, Solund, Stryn, Vik, Vågsøy, Årdal og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Spørsmål kan rettast til oppreisingsutvalet sitt sekretariat:

Adresse:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Oppreisingsutvalet sitt sekretariat
v/ Merete Myklebust
Askedalen 2
6863 Leikanger

E-post: oppreising@sfj.no

Telefon: 57 65 61 81

1. Opplysningar om søkjar

Unntatt offentlegheit etter utfylling. Offl § 13, jf fvl § 13 1. ledd nr 1.

Namn: Fødselsnummer (11 siffer)

Adresse:

Postnummer: Sted:

Telefon: Mobil:

E-post:

Kontonummer:

Har du skifta namn?

Ja Nei Eventuelt tidlegare namn:

Har du fullført ei utdanning? Er du i arbeid?

Ja Nei Ja Nei Stilling:

Har du vore i kontakt med sekretariatet?

Dersom du har vore i samtale med sekretariatet, samtykker du til at forklaringa nyttast som dokumentasjon for søknaden?

Ja Nei Ja Nei

2. Opplysningar om foreldre og plasseringskommune:

Foreldre sine namn, fødselsdato og adresse i det aktuelle tidsrom - dersom kjent:

Mor:

Fornamn: Etternamn:

Fødselsdato: Adresse:

Far:

Fornamn: Etternamn:

Fødselsdato: Adresse:

Namn på kommunen du budde i før du vart plassert i institusjon/fosterheim (plasseringskommune):

Kommune:

3. Opplysningar om opphald i institusjonen/fosterheim:

Namn på institusjon: (send med dokumentasjon på opphaldet dersom du har)

Tidsrom:

Institusjon:	<input type="text"/>	Frå:	<input type="text"/>	Til:	<input type="text"/>
Institusjon:	<input type="text"/>	Frå:	<input type="text"/>	Til:	<input type="text"/>
Institusjon:	<input type="text"/>	Frå:	<input type="text"/>	Til:	<input type="text"/>
Institusjon:	<input type="text"/>	Frå:	<input type="text"/>	Til:	<input type="text"/>
Institusjon:	<input type="text"/>	Frå:	<input type="text"/>	Til:	<input type="text"/>

4. Eigenerklæring og dokumentasjon:

Dersom du har gitt forklaring for sekretariatet kan denne brukast som eigenerklæring i søknaden dersom du ønskjer det, jf. pkt. 1. Dersom du ikkje har gitt forklaring til sekretariatet eller ikkje ønskjer at denne skal nyttast, må du fylle ut dette punktet. (Dersom det blir for liten plass i skjemaet, kan du nytte deg av eit eige ark som du legg ved søknaden.)

Legg ved dokument du har som kan vere av interesse for søknaden, for eksempel stadfesting på opphald i barneheim, uttale frå barnevern, skule, lege, psykolog, sosialkontor, trygdekontor m.m.

Skriv kort om bakgrunnen for plasseringa og gi ei skildring av grunnlaget for kravet om oppreisning; tid, stad og hendingar som ligg til grunn for søknaden. Ei utgreiing omkring følgjande ville kunne vere relevant:

- bu tilhøve, mat og måltider, helse, tilsyn, personleg oppfølging
- arbeid, plikter og fritidsaktivitetar, hjelp til lekser og utdanning
- kontakt med søsken og foreldre, og forholdet til dei andre borna
- oppfølging etter utflytting

Beskriv eventuelt kva slags overgrep, avstraffingar, omsorgssvikt og/eller andre krenkande opplevingar du har vært utsett for. Vi ber og om at du opplyser om forholdet eventuelt er meldt til politiet, og i tilfellet til kva slags politidistrikt.

5. Samtykke til innhenting av opplysningar:

Eg samtykker i at det i forbindelse med handsaming av denne søknaden, kan innhentast naudsynte opplysningar om meg der dei måtte finnast. Oppreisningsutvalet og sekretariatet har teieplikt. Alle opplysningar vil bli handsama i samsvar med Lov om behandling av personopplysningar. Opplysningane vil bli lagra i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt arkiv etter avslutta handsaming av søknaden.

Eg stadfestar at dette samtykket er frivillig, og at samtykket kan trekkast tilbake når som helst.

Stad:

Dato:

Underskrift:

Informert samtykke betyr at eg som bruker har fått informasjon om kva slags opplysningar som skal utvekslast, veit korleis opplysningane skal brukast og konsekvensane av dette. Eg er kjent med at det ikkje skal utvekslast fleire opplysningar enn det som er nødvendig og at eg kan nekte at opplysningar om spesielle forhold utvekslast, eller at spesielle fagmiljø eller enkeltpersonar får bestemte opplysningar. Eg er og kjent med dei konsekvensar atterhald av informasjon kan ha for handsaming av min søknad om kommunal oppreisning for tidlige barneheimsbarn.

Merk! Dersom det er fare for liv og helse, kan informasjon bli gitt utan samtykke.

Lovføresegner om teieplikt:

Forvaltningsloven § 13 til 13e

Pasientrettighetsloven § 3-6

Helsepersonelloven kapittel 5 §21 - 25

Lov om sosiale tjenester § 8-8

Opplæringsloven § 5-4 og § 15-4

Folketrygdeloven § 21-9, § 25-9, § 25-10, og § 25-11

Kvar fekk du kjennskap til ordninga?

Søknad med eventuelle vedlegg sendast til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Oppreisningsutvalet sitt sekretariat
v/ Merete Myklebust
Askedalen 2
6863 Leikanger